

## Joletrefest på Vinjar

Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt joletreeet 3. dag jol på Vinjar

Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00

Aasmund Nordstoga er festleiar og dei flotte ungane våre underheld.

Dersom alle tek med litt småkaker kan me fordele dei rundt på borda

Vaksne kr 50,-

Born gratis

Alle er hjarteleg velkomne!



### Frå styret i Liv i Vinje

#### Paafonnpris

Styret gjeng inn for å få til ein Paafonnpris. Den blir dela ut på årsmøtet 2012.

*Kriteriar:*

1. Nyskaping
2. Bu innanfor Vinje skulekrins
3. Gjeva positiv omtale for området.
4. Kan auke trivnaden og aktiviteten i området.
5. Kan gjevast til både lag og organisasjonar.

**Framlegg til Paafonnpris-kandidat med grunningjeving må vera Anders Sandvik i hende - anten skriftlege eller muntlege - innan 20. januar 2012.**

Styret for LiV er jury.

### Flytmøte

Styret ynskjer at Flytmøta held fram. Dei gjev eit godt høve til å treffe prosjektleiarane og taka opp det du har på hjarta. Mett og god av måndagsmiddag kan alle som vil vera med på møta som vert haldne fyrste måndag kvar månad kl 17.15 i formingssalen! Møta fungerer godt og fleire må gjerne deltake.

### Årsmøtet 2012 Liv i Vinje

Årsmøtet 2012 blir på Vinjar torsdag 26. januar. Styret har elles møte fylgjande datoar fyrste halvår 2012:

**11.januar** (førebuingsmøte til årsmøtet.)

**8. februar**

**7. mars**

**11. april**

**9. mai**

**6. juni**

Møta vert lagt til 2. onsdag kvar månad og varer vanlegvis frå kl 19.30-21-30.



# God jol og godt år!

Framsida foto: Øverste biletet: Sonja Sandvik, dei andre: Anne Vesaas

# LIV I VINJE

## Bygdebrev #5



TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS DESEMBER 2011



## Vinje Ungdomslag – reiser seg på ny!

Etter mange år i dvale er no Vinje Ungdomslag starta oppatt. Inntil vidare er det etablert eit interimstyre. Her sit Knut Erik Jordstøyl, Anne T. Romtveit og Signe Bråstøyl (leiar).

### Krumspring og fleire medlemmar!

Me ynskjer fleire folk, i alle aldrar, til å vera med på revy og andre krumspring! Har du gode idear til aktivitetar? Kan hende kan ungdomslaget vera med å dra det igang!

Så langt har me fått inn forslag om disco og pizzakveld, så viss ungdommen vil, så prøvar me å få til dette i løpet av veten.

### Revy

Me satsar på å få til ein revy og me driv no og skriv tekstar. Me treng fleire tekstforfattarar så det er berre å skrive i veg om du har noko på hjartet! Elles treng me skodespelarar, scenearbeidarar, og andre som vil vera med på laget på ein eller annan måte!

### Bli medlem i ungdomslaget?

Send ein e-post til Signe på [signebra@telefiber.no](mailto:signebra@telefiber.no)

## Vinje grendelag sin Kalender for 2012

Den fine kalenderen vår vart slept på jolekaféen på Breihjot og ligg no ute for sal i buene. Temaet i år er næringsliv og verksemdar. Kalenderen har bilete frå Vinje skulekrins; frå Særensgrind til Grungebru.

## Måndagsmiddag nr. 100!

Den 12. desember vart måndagsmiddag nummer 100 arrangert! Det er på sin plass å klappe oss sjølve dugeleg på herdane for det arbeidet me legg ned her. Middagen er ein unik møtestad som kvar måndag samlar 60-100 små og store Vinbyggjar.

### Prosjektlearane Ole, Silje og Elisabeth seier om måndagsmiddagen:

*”Måndagsmiddagen var noko av det fyrste de sette i gang i bygdemobiliseringa, og det rullar og går framleis. Berre dette tiltaket åleine er i seg sjølv faktisk nok til å kalle prosjektet Liv i Vinje vellukka. Faste møteplassar er ei uttalt mangelvare i norske bygder i dag, og dette er eit stort lokalt løft som alle utanfrå let seg imponere av. Me bøyer oss i støvet, tek av oss hatten og gjer bølgen for alle gode dugnadsarbeidarar!”*



### Måndagsmiddagane i 2012

Me startar opp att etter joleferien den 9. januar.

## Zumba på Vinjar i 2012

I mars startar Helina frå Smørklepp opp med Zumba på Vinjar. Fram til då må me bruke dei rikholdige tilboda i Edland og Åmot for å riste vekk joleflesket. Haba haba!

## Bustadgruppa

Me planlegg å gjennomføre eit seminar på Mjonøy på nyåret. Saman med norsk landbruksrådgjeving vil me designe eit kurs for familiar om prosessen som leier fram til eigarskifte på gardsbruk. Datoen er enno ikkje avklart, men det vert i mars-april ein gong.

## Nytt frå Gardsmatbui

Vinje Gardsmat har ope kvar dag siste veka før jol, frå kl 1200 - 1700. Og kan friste med leverpostei, sylte, pinnekjøtt, rakfisk frå Valdres og Hardangervidda, jolefisk frå Totak og Vinjevatn, småkaker, brau, kling, gomme, haglette og mykje ana godt. Me har også fine gåver, både etande og ana, til dømes flotte saueskinn frå Jori, keramikk, strikka sokkar og luver, bøkar og kosmetikk utan parabener.

### Takk til Bøgrend Autofest

Vinje Gardsmat har hatt ei god utvikling det siste året. Ein del av omsettinga må me takke Bøgrend Autofest for, men det har gått i positiv retning også utanom det. Fjorårets overskot har for det meste gått til investeringar og me jobbar stadig med å få fleire bein å stå på.

### Pizzakveldar

Blant ana har me planar om å produsere fleire produkt sjølve og å få til pizzakveldar ei gong i blant i løpet av det nye året.

### Takk til alle kundane våre!

Me ynskjer å takke alle kundar for at de kjem innom, både på kaffi og for ein handel, og ynskjer gamle og nye kundar ei god jol og godt nyttår, og velkomne innom att på nyåret!

## Bøgrend Autofest

Bøgrend Autofest gjekk av stabelen for andre gong i august. Som i fjor vart det også i år ein stor suksess, både publikumsmessig, musikalsk og med mykje merksemd frå pressa. Heile 17 artistar stod på scena under festivalen, i tillegg til Bingo m/ Bingokongen. I år som i fjor var det festivalcamp på Attistog, og i år var det også med eit eige hengekøyetohell! Publikumstalet for alle dagar var totalt på 1200, og me selde 420 billetter/pass. Økonomisk gjekk me til slutt på eit underskot på omlag 5000 kroner, men me håpar samarbeidspartnarane våre som selde mat og drikke under festivalen i år fekk eit flott overskot, og at dette kom godt med i deira vidare drift.



Foto: Anne Vesaas

## Ny Autofest 1. - 4. august 2012

Arbeidet med å legge program er alt igang og mange artistar er svært positive til å koma. Me har opparbeidd oss eit godt rykte i musikarkretser, og me håpar å tilby eit minst like godt program også til neste år! Og i dei mest uventa delane av landet har folk høyrte om Bøgrend Autofest! Dette sjokkerer oss gong på gong i møte med nye menneske rundt omkring.

Til slutt ynskjer me å takke alle som tok turen, og alle som jobba på festivalen i år! Ingen festival utan dykk!

Me sjåast på Bøgrend Auto til sumaren!

## Vinje handverkslag - ei oppsummering av hausten

Vinjeutstillinga kom vel i hamn, jamvel med eit lite overskot. Fotoutstillinga, som var ein del av årets utstilling, var i samarbeid med Liv i Vinje. Mykje godord!

### Aktivitetar på Haugsæl

Vi har hatt tre fine temakvelder:

- Gerd Danbolt Svalastog kalla foredraget sitt “Frå mine hender til dine”, om livet med keramikken.
- Knut Krossbakken hadde fotokveld og synte masse flotte bilete.
- Siste temakvelden var med Halvor Nordal, om bryggegogn og bryggeprosess, veldig interessant, krydra med gode historier. Publikum kosar seg og lærer mykje.



Glade ungar på handverkskurs på Haugsæl, oktober 2011

### Handverkskurs for born

17 ungar meldte seg på handverkskurs i oktober. Dei kunne velje å snekre, spikke, sy på maskin, tove, måle, knyte makrame eller lærarbeid. Flinke ungar og instruktørar!

Elles har det vore joleverkstad med ungane frå Vinje oppvekstsenter og jolesalg laurdagane no før jol. Mange av medlemene lagar så mykje fint! Dessutan var Ole Dalen (prosjektlearar i Liv i Vinje) gjest på eit medlemsmøte, inspirasjonskveld med vyer!

### Nytt får du på:

Heimesida vår: [www.vinjehandverkslag.no](http://www.vinjehandverkslag.no) og på facebook!